



Vest Mur og Bygg AS
Pb 130 Nesttun
5852 BERGEN

Referanser:
Dykkar:
Vår: 14/1582 - 14/9993

Saksbehandlar:
Tore Johan Erstad
tore.johan.erstad@meland.kommune.no

Dato:
23.06.2014

Søknad om flytting av rubbhall - Gbnr 22/191 - Trong for tilleggskdokumentasjon

Kommunen stadfestar å ha motteke dykkar søknad 2.4.2014.

Kommunen har kontrollert søknaden og finn at den ikkje er fullstendig, jf. byggesaksforskrifta (SAK) § 5-4. Vi ber om at søknaden vert supplert med følgjande dokumentasjon:

1. Snitt- og fasadeteikningar, målsatt og i målestokk.
2. Opplysningar om materialbruk.
3. Opplysningar om kva tiltaket skal nyttast til.

Kommunen ber om at tilleggsinformasjon vert sendt inn samla innan måndag 14.7.2014. Saka vert lagt i ventearkiv i påvente av etterspurd dokumentasjon.

Tidsfristar for sakshandsaming går fram av plan- og bygningslova § 21-7, jf. SAK § 7-1. Tidsfristane vert rekna frå søknaden er komplett og klar for handsaming, jf. SAK § 7-2 (1).

Gebyr vert rekna ut i frå Lokal forskrift om gebyr for teknisk forvaltningsteneste. Det vert sendt ut krav om gebyr i samsvar med gjeldande forskrift når saka er ferdig handsama.

Med helsing

Anny Bastesen
sektorsjef teknisk

Tore Johan Erstad
konsulent byggjesak

Dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.